

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 26.01.2016

Vedtak

Bergen maritime fagskole:

Rektor la fram notat som viste oversikt over tilføring av midlar til skulen i 2015 saman med estimert årsresultat 2015.

Vedk. økonomisk situasjon ved fagskulane:

Tilsettrepresentant Sjur Veim ønskjer at den økonomiske stoda ved fagskulane skal vera tema på kvart styremøte.

Vedk. framtidig samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole:

Styreleiar ber om sak til styremøtet 17. mars.

Vedk. komande Stortingsmelding om fagskulen:

Styreleiar ber om sak til neste styremøte om status og forslag til korleis Fagskolane i Hordaland kan posisjonera seg og vera offensiv og dermed få innverknad på innhaldet i meldinga. Styreleiar ber og om innspel frå styret.

Innmelding av saker til styret:

Styreleiar ber om at sakene vert innmeld i god tid.